



Alver kommune
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Saksbehandlar, innvalstelefon
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

Uttale - Alver - 125/11 - Kjeilen indre - bruksendring løe til bustad - dispensasjon

Vi viser til brev frå kommunen datert 02.09.2021. Saka gjeld søknad om dispensasjon frå LNF-føremålet for bruksendring av løe til bustad.

Statsforvaltaren si vurdering

Kommunen kan berre dispensere dersom omsyna bak føresegna det dispenserast frå, omsyna i lovas formålsføresegn eller nasjonale eller regionale interesser ikkje vert vesentleg tilsidesette. I tillegg må fordelane vere klart større enn ulempene jf. pbl. § 19-2 andre ledd.

Løa ligg på ei landbrukseigedom som ikkje er i drift, men der deler av arealet er forpakta bort som beiteområde. I utgangspunktet meiner vi det det er uheldig å bruksendre einaste driftsbygning på landbrukseigedom, sjølv om det i dag ikkje er drift på garden. Dette har samband med at plan og bygningslova mellom anna skal sikre den langsiktige arealbruken. Ein landbrukseigedom bør ha ei driftsbygning og vi kan ikkje sjå at det er naudsynt med to våningshus på denne garden. I denne saka står det i søknaden at det er eit ønske om å starte opp med villsau og at ein har tenkt å tilbakeføre gnr. 125 bnr. 74 til garden slik at ein kan føre opp eit mindre bygg for villsau her. Ved å bruke driftsbygningen som bustad vil ein få eit heilskapleg og større villsaubeite der ein òg river dagens våningshus.

Kommunen har ikkje vurdert dispensasjonen endå. Om kommunen vel å gje dispensasjon i saka meiner vi det er viktig, for å sikre landbruksinteressene, at det vert satt vilkår om at eigedom gnr. 125 bnr. 74 skal tilbakeførast til garden og at dagens våningshus skal rivast.

Statsforvaltaren ber om å få eit eventuelt positivt vedtak til klagevurdering.

Med helsing

Egil Hauge
seksjonsleiar

Hege Brekke Hellesøe
seniorrådgjevar



Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:
Vestland fylkeskommune Postboks 7900 5020 BERGEN